


# Statens namnekonsulentar på Vestl. (Namnekons.t.)

Nordisk institutt, UiB, Sydnesplassen 7, 5007 BERGEN - tlf.nr.: 55 58 24 11 - faks: 55 58 96 60 e-postadr.: Kjell.Steinbru@nor.uib.no

Statens kartverk Molde  
3507 Hønefoss

Bergen, 6. des. 2004



Referansen dykker: 94/36 – 12/326,10 AEM

Vår referanse: 235/2004 321-15.8

## Dimna/Dimnøya. Avsluttande kommentarar i klagesaka.

Me syner til eit brev som Statens kartverk Møre og Romsdal skreiv til Statens namnekonsulentar 4. juli 1995. (Sjå vedl. E.)

Den aktuelle klagesaka har vore til ny høying i Ulstein kommune. Kommunestyret i Ulstein vedtok 27. november i fjor (med 22 mot 3 røyster) å halde fast på klagan og understreka då ønsket om å få *Dimnøya* fastsett som offisielt namn på øya. (Sjå på s. 1 og 3 i vedl. K1.)

I saksframstellinga frå kommuneadministrasjonen er det ei vurdering av saka, og det er i den bl. a. synt til ei tidlegare fråsegn frå kommunen der verdien av "å skilje mellom øya og krinsen" er framheva. Me kan ikkje sjå at kommunen denne gongen kjem med nye moment til forsvar for den namneforma som kommunestyret tilrår. (Sjå nede på s. 6 og oppe på s. 7 i vedlegg K1.)

Før behandlinga i kommunestyret blei klagesaka gjort kjend for aktuelle lag og organisasjonar. (Sjå vedlegg 2.) Merknadsbreva som kom inn i denne siste høyringa, er alle frå einskildpersonar. Då einskildpersonar ikkje har nokon lovfest uttalerett i saker som denne, ser me oss ikkje plikta til å kommentere innhaldet i desse breva, som til dels er svært detaljerte. (Jf. med første avsnittet i § 7 i Lov om stadnamn.)

Det må poengterast her at saka ikkje kan kallast ei ordinær stadnamnsak all den tid usemja utelukkande gjeld namneval og ikkje skrivemåte. Primæroppgåva til namnekonsulentane er å gi råd og rettleiing i normeringsspørsmål. (Eit skrivemåtespørsmål dukka rett nok opp på det aktuelle kommunestyremøtet, men sia dette ikkje har vore framme elles i høyringane og sia det konkrete endringsframlegget (-øya → -øy) blei avvist av kommunestyret, finn me det ikkje rett å gå vidare med dette no. (Sjå på s. 3 i vedl. K1.))

Den grunnregelen i § 4 i lova, som seier at ein skal ta "utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen", gir ei vektlegging av den munnlege stadnamntradisjonen. Alt tyder på at det i lokalmiljøet er tradisjon for å nytte både "Dimnøya" og "Dimna" som munnlege øynamnformer. (I eit merknadsbrev frå Ivar Ertesvåg er det hevda at "Dimnøya" er den einaste "nedervde lokale uttalen" som "har vore vanleg på staden"). (Sjå nede på s. 1 i vedl. 6.) Dette står i klår motsetnad til det som John Osnes skreiv om saka i Vikebladet 20. november i fjor. I same bladutgåva står det å lese at to personar har uttala til redaksjonen at dei nyttar "Dimna" som munnleg øynamnform. (Sjå vedl. VI.) Øynamnforma *Dimna* må vere minst like gammal som den avleidde namneforma *Dimnasund* ("Dimnasynd"). Me syner til det me har skrive tidlegare om dette, blant anna nede på s. 1 i vedl. 1.)

Med tilvising til det me skreiv i siste høyringsbrevet (vedl. 1), tilrår me prinsipalt at *Dimna* blir fastsett som offentleg øynamnform.

Med helsing frå

*Oddvar Nes*  
Oddvar Nes  
stadnamnkonsulent

*Ole Jørgen Johannessen*  
Ole Jørgen Johannessen  
stadnamnkonsulent

*Kjell Erik Steinbru*  
Kjell Erik Steinbru  
sekr. / førstekonsulent